

# Kvinnherad idrettsråd

Organisasjonsledd i  
**NORGES**  
**IDRETTSFORBUND**

Uskedalen, 24.05.2017

## Sakliste til årsmøte 2017 i Kvinnherad idrettsråd

1. Godkjenning av frammøtte representantar
2. Godkjenning av innkallinga, saklista og møtereglane
3. Val av dirigent, referent, og to representantar til å skrive under protokollen
4. Årsmelding for 2016 (side 2)
5. Rekneskap for 2016 (side 4)
6. Arbeidsprogram for 2017 – 2019 (side 7)
7. Forslag og saker:
  - a. Skala for årsmøterepresentasjon (side 9)
  - b. Kontingentsats for 2018 (side 9)
  - c. Kriterium for fordeling av lokale aktivitetsmidlar (side 9)
  - d. Fullmakter til styret (side 10)
  - e. Ingen saker meldt inn frå medlemene
8. Budsjett 2017 (side 11)
9. Val:
  - a. Leiar og nestleiar
  - b. 5 styremedlemar og 2 varamedlemar
  - c. To revisorar
  - d. Representantar til idrettskrinstinget, eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane
  - e. Valkomité med leiar, to medlemar og eitt varamedlem

I tillegg til sakene på lista vert det ei helsing frå Hordaland idrettskrets.



Anbjørn Høivik,  
styreleiar

# Kvinnherad idrettsråd



## Årsmelding 2016 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 24. mai 2016 på rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Anbjørn Høivik (leiar), Uskedalen IL

Steinar Bjørkelund (nestleiar), IL Strand-Ulv

Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TL

Anna Prestnes, Kvinnherad Handballklubb

Bjarte Solheim, IL Trio

Tronn Urdshals, Kvinnherad Badmintonklubb

Christin Sund, IL Trio

Inga Aarseth, BIL Palfinger

Vararepresentantar har vore Gro Rusten Saghaug, IL Ternen, Ágúst Magnússon, Kvinnherad Handballklubb og Nina Klette Leganger, BIL Palfinger.

Revisorar har vore Willy Kalsås og Anne Grete Sundal.

Styret har hatt fire møte i perioden. Det har vore arbeidd med kontakt mellom idretten og kommunen, kompetanseutvikling i idrettslaga, idretten sitt samfunnsoppdrag samt vidareutvikling av idrettsrådet. Dette arbeidet har følgd innsatsområda i handlingsprogrammet vedteke av årsmøtet 2016.

Idrettsrådet har ein omsetnad på vel. kr. 20.000,- og utgiftene er i hovudsak knytt til heimeside, møteutgifter og reise til krinstreff. Drifta vert finansiert med ca. ein halvdel kontingent frå medlemslaga og ca. ein halvdel kommunalt tilskot.

I løpet av 2016 vart Kvinnherad sportsskyttarklubb avvikla og Kvinnherad sykkelklubb vart stifta. Idrettsrådet har no 27 medlemslag, av desse tre bedriftsidrettslag.

### Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post vert nytta til å formidla informasjon til medlemene.

Idrettsrådet administrerer no ordninga med medaljar til kvinnheradmeisterskap i idrett. Nye medaljar kom på plass i 2016 og dei første medaljane er allereie delt ut.

### Lokalidretten og kommunen

Idrettsrådet har gjennomført det årlege samarbeidsmøtet med kommunen og behandla der framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad. Rådet samarbeider med kommunen om idrettsstipend for Kvinnherad, og i 2016 vart det første breiddestipendet delt ut til klubbane

Rosendal rideklubb, Kvinnherad handballklubb og Uskedal idrettslag. Det står att noko arbeid med elitestipendet før det kan realiserast.

Styret i idrettsrådet har hatt ein representant i prosjektgruppa for ny fleirbrukshall på Husnes. Forprosjektet vart ferdig i 2016, og idrettsrådet følgjer den vidare prosessen med hovudprosjekt og realisering.

## Organisasjonsledd i NIF

Idrettsrådet har i 2016 fordelt kr. 901.147,- av lokale aktivitetsmidlar til medlemene. Dette er spelemidlar øyremerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6 – 19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet.

Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit grunnbeløp og kr. 50.000,- vart delt ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet. Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

To representantar for idrettsrådet deltok på idrettsrådskonferansen hausten 2016 arrangert av Hordaland idrettskrins.

## Samfunnsoppdrag

Kontakta med kommunen om korleis barn og ungdom frå låginntektsfamiliar kan ta del i idretten sine aktivitetar vart vidareført i 2016. I januar vart ei gruppe ressurspersonar frå nokre av idrettslaga samla til ei drøfting, og eit samarbeidsprosjekt er under etablering. Det er søkt og gitt økonomisk støtte til dette frå Barne- og likestillingsdepartementet.

Idrettsrådet har oppmoda medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingssevne, med flyktningebakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten vil vere kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom. Kommunen skal opprette eit felles forum for alle ressurskontaktane der dei pliktar å delta. Til no har 10 klubbar utnemnd ressurskontaktar.

Styret i Kvinnherad idrettsråd 02.05.2017,

Anbjørn Høivik  
styreleiar

Steinar Bjørkelund  
nestleiar

Gunnar Våge

Anna Prestnes

Bjarte Solheim

Tronn Urdshals

Chistin Sund

Inga Aarseth

# Resultatrapport

Kvinnerad Idrettsråd  
916585616

Regnskapsår: 01.01.2016 - 31.12.2016

Gjelder periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

Periode fg år: 01.01.2015 - 31.12.2015

	Periode	Akkumulert	Periodeslutt fg år
<b>Driftsinntekter</b>			
3920 Medlemskontingenter	12 000,00	12 000,00	9 000,00
3951 Kommunalt tilskot	55 000,00	55 000,00	15 000,00
	<u>67 000,00</u>	<u>67 000,00</u>	<u>24 000,00</u>
<b>Driftskostnader</b>			
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	-38 235,00	-38 235,00	0,00
6420 Leie datasystemer	-1 676,00	-1 676,00	0,00
6810 Datakostnad	-5 850,00	-5 850,00	0,00
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-5 014,00	-5 014,00	-22 493,70
6940 Porto	0,00	0,00	-394,70
7770 Bank og kortgebyrer	-33,00	-33,00	0,00
	<u>-50 808,00</u>	<u>-50 808,00</u>	<u>-22 888,40</u>
<b>Driftsresultat</b>	<b>16 192,00</b>	<b>16 192,00</b>	<b>1 111,60</b>
<b>Finansielle poster</b>			
8040 Renteinntekter, skattefrie	26,00	26,00	33,00
<b>Ordinært resultat før skatt</b>	<b>16 218,00</b>	<b>16 218,00</b>	<b>1 144,60</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>16 218,00</b>	<b>16 218,00</b>	<b>1 144,60</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>16 218,00</b>	<b>16 218,00</b>	<b>1 144,60</b>

Utskrevet av Gunnar Våge 24.05.2017 12.27.15

Visma eAccounting

*Lyngstrand 24/5 - 2017*

*Gunnar Våge*

# Balanserapport

Kvinnherad Idrettsråd  
916585616

Regnskapsår 01.01.2016 - 31.12.2016

Gjelder periode: 01.01.2016 - 31.12.2016  
Periode fg år: 01.01.2015 - 31.12.2015

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt	Periodslutt fg år
<b>EIENDELER</b>				
Omløpsmidler				
1500 Kundefordringer	15 000,00	-8 000,00	7 000,00	15 000,00
1920 Bankinnskudd	29 324,43	24 218,00	53 542,43	29 324,43
	44 324,43	16 218,00	60 542,43	44 324,43
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>44 324,43</b>	<b>16 218,00</b>	<b>60 542,43</b>	<b>44 324,43</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>				
<b>Egenkapital</b>				
Egenkapital (innskutt og opptjent)				
2050 Annen egenkapital	-43 179,83	0,00	-43 179,83	-43 179,83
<b>Udisponert resultat</b>				
Udisponert resultat	0,00	-16 218,00	-16 218,00	-1 144,60
<b>Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)</b>	<b>-43 179,83</b>	<b>-16 218,00</b>	<b>-59 397,83</b>	<b>-44 324,43</b>
<b>Gjeld</b>				
<b>Sum gjeld</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-43 179,83</b>	<b>-16 218,00</b>	<b>-59 397,83</b>	<b>-44 324,43</b>
<b>Avvik</b>	<b>1 144,60</b>	<b>0,00</b>	<b>1 144,60</b>	<b>0,00</b>

Utskrevet av Gunnar Våge 24.05.2017 12.24.29

Visma eAccounting

## Saldoliste

Kvinnherad Idrettsråd  
916585616

Gjelder periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

Konto	Inng. saldo	Debet	Kredit	Differanse	Utg. saldo
1500 Kundefordringer	15 000,00	67 000,00	75 000,00	-8 000,00	7 000,00
1920 Bankinnskudd	29 324,43	75 026,00	50 808,00	24 218,00	53 542,43
2050 Annen egenkapital	-43 179,83	0,00	0,00	0,00	-43 179,83
2400 Leverandørgjeld	0,00	50 775,00	50 775,00	0,00	0,00
3920 Medlemskontingenter	0,00	0,00	12 000,00	-12 000,00	-12 000,00
3951 Kommunalt tilskot	0,00	0,00	55 000,00	-55 000,00	-55 000,00
4300 Innkjøp varer for videresa...	0,00	38 235,00	0,00	38 235,00	38 235,00
6420 Leie datasystemer	0,00	1 676,00	0,00	1 676,00	1 676,00
6810 Datakostnad	0,00	5 850,00	0,00	5 850,00	5 850,00
6860 Møter, kurs, oppdatering...	0,00	5 014,00	0,00	5 014,00	5 014,00
7770 Bank og kortgebyrer	0,00	33,00	0,00	33,00	33,00
8040 Renteinntekter, skattefrie	0,00	0,00	26,00	-26,00	-26,00
<b>Total</b>	<b>1 144,60</b>	<b>243 609,00</b>	<b>243 609,00</b>	<b>0,00</b>	<b>1 144,60</b>

# Kvinnherad idrettsråd



## Arbeidsprogram 2017 – 2019

### Styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram i tråd med vedtektene. Programmet skal ha to års horisont og vert rullert årleg. Arbeidsprogrammet er saman med rådet sine lovar og budsjett styrande for idrettsrådet sin aktivitet.

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i Kvinnherad som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Hordaland idrettskrets. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskretsen. Idrettsrådet har samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune og er rådgjevande organ i saker som vedkjem idretten i kommunen.

Idrettsrådet skal:

- a) styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet,
- b) foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga,
- c) dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, og
- d) vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke.

### Samarbeid med idrettslaga

- Heimeside og facebookside som viktig kontaktflate mot medlemene
- E-post og meldingar via SportsAdmin for direktesendingar til medlemene
- Leggje til rette for kurs og samlingar etter initiativ frå medlemslaga

### Lokalidretten og kommunen

- Oppretthalda samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune
- Årleg samarbeidsmøte med kommunen
- Arbeide for ein kommunal idrettskonsulent
- Samarbeide med kommunen om idrettsstipend for Kvinnherad
- Gi råd om prioritering av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til idrettsanlegg
- På eige initiativ ta opp saker med kommunen som er av felles interesse for idrettslaga i Kvinnherad
- Koordinere og fremje saker på vegner av medlemslaga for kommunen

### Organisasjonsledd i NIF

- Delta på desse arrangementa i regi av Hordaland idrettskrets:
  - Idrettsrådskonferansen i Hordaland
  - Anleggskonferansen i Hordaland
  - Kretstinget i Hordaland

## Anleggsutbygging

- Arrangera søkekurs for medlemene til spelemiddelordninga
- Vidareføra anleggskonferansen for Kvinnherad som eit årleg arrangement
- Delta i prosjektarbeidet for ny idrettshall på Husnes

## Aktivitetsutvikling

- Fordele lokale aktivitetsmidlar (LAM) til medlemslaga
- Utvikle kriterium for tildeling av LAM som stimulerer til samarbeid mellom medlemslaga om arrangement, treningstilbod og andre aktivitetar
- Etablere idrettsstipend for Kvinnherad
- Administrere ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap

## Samfunnsoppdrag

- Synleggjere verdiar frå lokalidretten for innbyggjarar, næringsliv og politisk leiing i kommunen
- Delta i prosjektet som skal motverka barnefattigdom i Kvinnherad



## **Sak 7 a): Framlegg til skala for årsmøterepresentasjon**

*Framlegg til vedtak (uendra frå 2016):* Kwart medlemslag kan stille med inntil fem representantar på årsmøtet til Kvinnherad idrettsråd etter denne skalaen:

0-250 medl. : 2 repr.

250-500 medl. : 3 repr.

500-750 medl. : 4 repr.

750- medl.: 5 repr.

Medlemstal frå sist tilgjengelege registrering vert lagt til grunn.

## **Sak 7 b): Framlegg til medlemskontingent for 2018**

Styret gjer framlegg om uendra kontingentsatsar.

*Framlegg til vedtak:*

Medlemskontingent for 2018 skal følgje denne skalaen:

0-250 medl. : 500,-

250-500 medl. : 750,-

500-750 medl. : 1000,-

750- medl.: 1250,-

## **Sak 7 c): Kriterium for fordeling av lokale aktivitetsmidlar**

Styret gjer framlegg om vidareføring av kriteria vedtekne av førre årsmøte.

*Framlegg til vedtak:*

- Alle idrettslag med barne- og/eller ungdomsaktivitetar får eit grunnbeløp på kr. 1.000,-.
- Alle idrettslag med ein namngitt ressurskontakt m/vara får eit grunnbeløp etter følgjande skala:
  - 0-250 medl. : 2.500,-
  - 250-500 medl. : 5.000,-
  - 500-750 medl. : 10.000,-
  - 750- medl.: 15.000,-
- Kr. 50.000,- skal delast ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet.
- Dei resterande midlane vert fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år).
- Grunnlag for utrekninga er aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei ligg føre i SportsAdmin.
- Retningslinene frå KUD og NIF vert lagt til grunn.

Ressurskontakt:

Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningebakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar.

Ressurskontakten vil vere kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom. Kommunen opprettar eit felles forum for alle ressurskontaktane der dei pliktar å delta. Melding med kontaktinformasjon til ressurskontakt og vara skal sendast idrettsrådet innan 1. september for å telje med ved fordeling av LAM det aktuelle året.

## **Sak 7 d): Fullmakter til styret**

### **Framlegg til vedtak:**

- Styret får fullmakt til å oppdatere idrettsrådet sine lovar i samsvar med framtidige endringar i lovnorma til NIF.
- Styret får fullmakt til å oppnemna representantar til idrettskrinstinget.

## Framlegg til budsjett 2017

### **Budsjett 2017**

#### **Kvinnherad Idrettsråd**

Framlegg til årsmøtet 31.05.2016

<b>Konto</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
Medlemskontigent	14 500,00	14 250,00	12 000,00	13 000,00	9 000,00
Off. tilskot	14 500,00	12 500,00	15 000,00	10 000,00	15 000,00
Gåver	-	40 000,00	40 000,00	0,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>29 000,00</b>	<b>66 750,00</b>	<b>67 000,00</b>	<b>23 000,00</b>	<b>24 000,00</b>
Heimeside	6 000,00	6 000,00	5 850,00	15 000,00	17 162,50
Leige lokale	-	0,00		1 000,00	0,00
IT-kostnader	2 000,00	2 000,00	1 676,00	2 500,00	0,00
Kontorrekvisita	-	0,00		0,00	0,00
Møte, kurs og konferanse	10 000,00	10 000,00	5 014,00	2 500,00	5 331,20
Porto	-	400,00		200,00	394,70
Reisekostnader	3 000,00	3 000,00		3 000,00	0,00
Reklame, annonser	5 000,00	2 000,00		2 500,00	0,00
Andre kostnader	-	40 000,00	38 268,00	0,00	0,00
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>26 000,00</b>	<b>63 400,00</b>	<b>50 808,00</b>	<b>26 700,00</b>	<b>22 888,40</b>
Driftsresultat	3 000,00	3 350,00	16 192,00	-3 700,00	1 111,60
Renteinntekter	0,00	30,00	26,00	50,00	33,00
<b>Resultat</b>	<b>3 000,00</b>	<b>3 380,00</b>	<b>16 218,00</b>	<b>-3 650,00</b>	<b>1 144,60</b>

Postane "Gåver" og "Andre kostnader" gjeld i 2016 inntekter og utgifter til KM-medaljar.